

Molde vann og avløp KF
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Vår dato: 17.04.2026

Vår ref.: 202419926-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: Kristin Magnussen

Randi holme 99 21 51 22,
rho@nve.no

Dam Moldevatn - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Moldevatn.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 13.04.2026 for rehabilitering av dam Moldevatn, Molde kommune.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Det skal setjast opp opplysningsskilt. Skilta skal tilfredsstillе krava våre til informasjon for allmennheita
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal](#).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen med notatet «*Bakgrunn for vedtak*» datert 22.08.2024. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 22.08.2024 post 4 og 10.

Tilsyn

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

Moldevatnet er regulert til drikkevassuttak. Det vart gitt konsesjon til å regulere fleire vatn i Moldemarka til dette føremålet i vedtak 30.10.1995, med endring datert 22.03.1996. Det

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



vart fatta nytt konsesjonsvedtak 22.08.2022. I sist nemnde vedtak er det gitt konsesjon til å senke Moldevatn ned til kote 330,0. I tillegg vart kravet til minstevassføring endra, slik at det skal sleppast 10 l/s heile året frå Moldevatn. Dette krev ombygging av dammen, og detaljplanen som NVE har motteke skildrar gjennomføring av ombygginga for å stette pålagde krav i konsesjonen. I tillegg må tiltak gjennomførast for å lukke avvik frå forskrift om damtryggleik.

Detaljplanen

Dagens vassleidning går gjennom demninga ved Moldevatnet. Han skal forsterkast ved demninga og vassinntaket må flyttst lenger ut i vatnet. Vassleidninga vert seinka ned på botnen av vatnet, slik han også er i dag. Vasstanden vert seinka ned til kote 338 i samband med tiltaket. Arbeid på botnen av vatnet kan medføre at mudder og sand vert virvla opp. Det er opplyst at det vert lagt ut siltgardin eller liknande ved behov.

Det skal etablerast eit nytt arrangement for slepp og dokumentasjon av pålagt minstevassføring. Dette vil i sin heilskap gjennomførast inne i eksisterande lukehus.

Arbeida er planlagt gjennomført i sommarhalvåret 2026.




Fig. 1:Arealbrukskart

NVE mottok søknad om godkjenning av detaljplan for tiltaket 18.12.2025. Detaljplanen vart sendt på høyring til Molde kommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Mattilsynet i brev datert 10.02.2026.



Fråsegner

Fråsegnene er sendt til Molde vann og avløp for kommentar, og vi mottok svar i brev datert 24.03.2026. 13.04.2026 mottok vi revidert detaljplan som ligg til grunn for dette vedtaket. Nedanfor følgjer dei sentrale delane av fråsegnene vi har motteke. Fråsegnene i sin heilskap, saman med revidert detaljplan finn de her: [Konsesjonssak - NVE](#):

Møre og Romsdal fylkeskommune ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 06.03.2026:

«Vassforvaltningsplanen skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12. Vassforskrifta bør nemnast under lovverk.

Tiltaket går inn i vassførekomst Moldevatn 105-31220-L og Moldeelva, 105-101-R, nedstrøms dammen. Miljøtilstand og miljømål er god for begge vassførekomstane. Det er registrert at ål kan gå opp til moldevatn og innlandsfisk er i vatn og i elv. Fisk og vassmiljø er ikkje omtalt i detaljplanen og må inngå som ein del av vurderingane som må gjerast. Vurderingane må sjåast opp mot miljøtilstanden i dag og miljømål for dei aktuelle vassførekomstane. Vi vurderer at tiltakets påverknad på vatnet og elva nedstrøms ikkje vere stor, men det må synleggjerast at det er gjort vurderingar på dette. Dette må inn i kapittel 2. I tillegg til hydrologiske endringar i anleggsfasen bør andre effektar av tiltaket òg vurderast, mellom anna fare for nedslamming under tiltaksgjennomføring.

Fylkeskommunen stadfesta 13.05.2025 at tiltaket er friteke frå løyveplikt etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag».

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skriv i fråsegn datert 05.03.2026:

«Norconsult har tidlegare vore i kontakt med Statsforvaltaren med omsyn til forureining og inngrep i vassdrag. Vår vurdering var at dette arbeidet ikkje krev løyve etter forureiningslova. Vi syner til § 8 om «vanleg forureining» frå blant anna midlertidig anleggsverksemd. Vi forutset at arbeidet vert utført skånsamt og at det vert virvla opp og spreidd minst mogleg med partiklar. Gje tidleg beskjed til Statsforvaltaren om det viser seg å bli større utfordringar enn først antatt med oppvirvling, spreining eller liknande. Gitt visse vilkår, så er det avklart med fylkeskommunen at det ikkje er naudsynt med søknad etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Statsforvaltaren tek utgangspunkt i at entreprenør ivaretek natur- og vassdragsverdiane ved anleggs gjennomføring på best mogleg måte, og at det vert tilrettelagt for trygg ferdsel og friluftsliv forbi området under arbeidet».

Naturvernforbundet i Molde ga fråsegn til detaljplanen 03.03.2026, samandraget vert referert her:

- *Det må settes opp informasjonsskilt ved kontrollpunktene for minste vannføringen fra Moldevatnet og fra Øverlandsvatnet slik som vedtatt i konsesjonen*



- *Det må gjennomføres tiltak for å hindre at både organiske og uorganiske finmasser skylles ut i Moldeelva under anleggsarbeidet.*
- *Det må planlegges og gjennomføres tiltak for å hindre at det blir transportert og spredt fremmede arter inn i Moldemarka under anleggsarbeidet.*
- *For friluftslivet er det viktig at kjøreskader på turvegene etter tung transporten til Moldevatnet blir rettet opp. Dette må bli i kort tid etter at anleggsarbeidet er ferdig.*
- *Vi vil at det blir bygd et nytt krysningspunkt for turgåere og skiløpere over elva, like nedenfor Moldevatnet.*
- *Vi vil rå til at det vedtatte anleggsområdet ved Moldevatnet blir fysisk merket i terrenget.*

I tillegg omtaler naturvernforbundet anleggsperioden slik:

«Detaljplanen for miljø og landskap viser inngrepsgrense og arealbruken. Det er foreslått at enten skal entreprenøren markere inngrepsgrenser i sitt maskin styringssystem eller fysisk i terrenget. Vi vil rå til at det blir vedtatt at grensen blir vist fysisk i terrenget. En av fordelene kan være at det blir lettere å unngå konflikter mellom anleggsvirksomheten og turfolket. I enden av turvegen/anleggsvegen er det en rasteplass. Vi forutsetter at den blir reparert etter anleggsarbeidet. I planen leser vi at ved anleggs slutt skal tilkjørte masser fjernes. Vi forutsetter at de ikke blir tippet i Moldemarka, men transporterte til et godkjent massedeponi».

Mattilsynet skriv i brev datert 20.02.2026:

«Vi har vurdert saka ut i frå omsynet til drikkevatn, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmiddel. Når det gjeld drikkevatn ser vi at dette blir godt ivaretatt. I anleggsperioden skal det ikkje nyttast vatn frå denne kjelda. Moldevatnet ligg i eit eige nedbørsfelt og vil difor ikkje påverke dei andre drikkevasskjeldene aust for tiltaket.

Vi ser óg at det skal nyttast siltgardin for å hindre spreiding av finstoff. Dette er eit viktig og godt tiltak for å unngå at turbiditeten i vatnet aukar under arbeidet. Vi minner om at det ikkje er lov å spreie planteskadegjærarar og ugras. Vi viser til rettleiar som finns på heimesida vår: [Hvordan unngå å spre planteskadegjørere og ugras ved anleggsarbeid og flytting av jord | Mattilsynet](#)».

Vurderingar av fråsegner

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at vurdering av fisk, ål og vassmiljø må inngå i detaljplanen. Dette er omtalt i revidert detaljplan.

NVE viser dessutan til vurdering av førekomst av ål og anna biologisk mangfald i konsesjonsprosessen. I *Bakgrunn for vedtak* datert 22.08.2022 heiter det: «Det er ål i Moldevatn. Forholdene for denne er nok allerede forringet og ytterligere senkning av vannstand i unntaksperioder vil trolig ikke være avgjørende for arten. NVE mener likevel at av hensyn til ål og annet biologisk mangfold bør det slippes en helårlig minstevannføring til Moldeelva».



Detaljplanen skildrar ombygging av minstevassføringsarrangement for å sikre kravet til minstevassføring heile året. Med bakgrunn i dette vurderer NVE omsynet til vassmiljøet som etterlevd i samsvar med vilkår sette i konsesjonen.

Naturvernforbundet i Molde ønskjer eit nytt kryssingspunkt for turgåarar og skiløparar over elva like nedafor Moldevatnet. Det er ikkje skildra kva grad av tilrettelegging det er ønske om. I detaljplanen er det vist til arealdelen i gjeldande kommuneplan og at Moldemarka er formelt sikra med statstilskot. Det går fram av kommuneplanen sin arealdel at bygging av turvegar og skogsvegar ikkje er ønskeleg i den sona der tiltaket på dam Moldevatn skal gjennomførast.

Revidert detaljplan skildrar permanent omlegging av eksisterande tursti med kryssing nedstraums dammen. Med bakgrunn i dette vurderer vi innspelet frå naturvernforbundet som etterlevd.

NVE vurderer andre innspel frå høyring av detaljplanen til å vere tekne i vare i detaljplanen som ligg til grunn for dette vedtaket.

Vurdering av flaum og skredfare

Flaum- og skredfare er vurdert slik i kap 4.1. i detaljplanen:

«Damstedet og prosjektområdet ligger innenfor aktsomhetsområde for flom (se figur 4.1). Byggherre planlegger å holde magasinet på et nivå som sikrer at overløp ikke inntreffer. Eventuell flomavledning i anleggsperioden vil skje via eksisterende flomløp. Prosjektområdet ligger også innenfor aktsomhetsområde for snøskred. Siden arbeidene vil pågå utenfor vintersesongen er ikke dette et problem».

Vi minner om at det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å gjennomføre risikovurdering og på bakgrunn av dette gjennomføre nødvendige tiltak som følgjer av risikoanalysen.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen.

Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking

På grunn av løyvet til ytterlegare senking av Moldevatnet må eksisterande minstevassføringsarrangement byggast om. Det nye minstevassføringsarrangement utnyttar same avgreining frå hovudvassleidninga som tidlegare. I ventilkammeret vert eksisterande ventil fjerna, og dagens elektromagnetisk volumstraummålar vert erstatta med ny. Oppstraums volumstraummålaren vert det montert to parallelle leidningar for slepp av minstevassføring ved hhv. høg og lav vasstand i magasinet. Det vert installert ei



pumpe for å tilfredsstille kravet til minstevassføring ved vasstand under kote 338. For å hindre innsug av luft vert det installert vakuumanlegg.

Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret.

Metoden de har skildra krev gode driftsrutinar for å sikre at kravet til minstevassføring til ei kvar tid er stetta. Vi føreset at dette vert etablert i samsvar med krava i internkontrollforskrifta. NVE kan til ei kvar tid be om dokumentasjon på at kravet til minstevassføring er stetta.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Allmennheita skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 [Veileder](#) skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysningsskilt på nettsidene våre [opplysningsskilt \(nve.no\)](https://nve.no).

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter for utbygging og drift av anlegget.



Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Molde kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Molde kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side. På grun av ferie er klagefristen forlenga med ei veke.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
fagleiar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Molde vann og avløp KF

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

ASPLAN VIAK AS

ASPLAN VIAK AS - Tore Pettersen

Mattilsynet

NATURVERNFORBUNDET I MOLDE

MOLDE KOMMUNE - Kristin Elisabeth Magnussen



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 4 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av ED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Energidepartementet (ED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.